

Regissør Mette med Søralsuksess

06.02.2009



Søralsrevyen har fått svært begeistra oppslag i lokalavisene og her presenterar Mette to av dei. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**"Mette har mykje av æra for suksessen, ho er regissør og bind saman, står også for lys og lyd og får det heile til å gli"**, skriv ein begeistra uskedeling til uskedalen.no om ein sambygding etter å ha sett Søralsrevyen sist laurdag.

Og regissøren er Mette Bendiksen (55) i Halsabrotet, til dagleg adjunkt ved ungdomsskulen på Husnes men med ein solid fagleg bakgrunn for å operera på dei såkalla skrå breidder. Ho går med på at det nok er i teatermiljøet ho eigentleg har hjarta sitt. Denne laurdagskvelden er det revy att og dermed duka for ein ny suksess! 15 aktørar er å sjå på scena og ein på film.

- Det er slike jobbar som gjev meg inspirasjon og overskot i kvardagen, seier Mette framfor framsyning nummer to. Eigentleg er ho arendalitt, men var også busett i Oslo og Trondheim før ho kom til Uskedalen i 1998.

Mette var berre fylt 17 då ho fekk jobb på Oslo Nye som rekvisitør og medan ho var der utdanna ho seg som sminkør og parykkmakar. Men innimellom vart det også litt filmjobbing og ho var med og laga "Reisen til julestjernen" som 19-åring. Til Trondheim kom Mette som rekvisitør for NRK og vart scenograf. Då arbeidde ho ikkje minst mykje i Olavshallen.

Den første tida etter at ho hadde gjort kvinnhering av seg, hadde ho trong for ei pause frå sitt tidlegare liv. Men etter nokre år sa ho ja då Bjørn Skibenes ville ha ho med på ein sommar-revy og sidan årtusenskiftet har jo delteke i "revysnekringa" på Husnes.

Dette er Søralsrevyen nummer to som Mette har medansvar for og ho har også hatt regi og scenografi i fleire av sommar-revyane. I tillegg har ho regissert juleavslutningar på skulen.

- Men eg har lege lågt i terrenget og ikkje sett i gang noko sjølv, understrekar ho.
- Du skriv ikkje tekstar ?

- Det er det ingen grunn til så lenge vi har Arne Torget, som også denne gongen har gjort ein kjempejobb. Og med omsyn til scenografien er jo den i stor grad lys, som kulturhussjefen sjølv, Terje Fonnland, tek seg av.

- Eg er i det heile overstadig begeistra for revygjengen, som består av kjekke folk med mange gode idear. Vi møtast for å le og ha det triveleg saman, sjølv om den siste veka før premiereframsyninga er tøff, innrømmar Mette.

Ho meiner at Sørals-revyen også er ei oppleving for uskedelingar.

- Er den ikkje litt for intern for oss?

- Nei, slett ikkje, også det som kan verka internt inneheld noko for samfunnet rundt bedrifta. Til dømes er siste nummer eit svært heitt møte mellom anodar og katodar. Og så er vi svært aktuelle. Til dømes får vi møta ein svært pensjonsgrisk Hydro-sjef!

Av Ola Matti Mathisen



Mette har ein solid teater-bakgrunn. (Foto: Ola Matti Mathisen)